



MELDING OM VEDTAK

frå

formannskapsmøte 12.03.2013

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2012/1918	2660/2013	Q13	PUA/ SKR	14.03.2013

**Melding om vedtak frå FSK-møte 12.03.2013 - Hareid Fastlandsamband AS
- Forslag til Planprogram - E 39 - Flytebruløysing mellom Hareid og Sula**

Formannskapet si handsaming:

Røysting:


Samrøystes

Vedtak:

I medhald av pbl § 11-13, jf § 4-1 i same lov, godkjenner Hareid formannskap oppstart av planarbeid og utlegging til offentlig ettersyn planprogram for utarbeiding av kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 – flytebruløysing mellom Hareid og Sula (Hafast), slik det ligg føre frå Asplan Viak AS, datert 20.12.2012. Høyringsfristen skal vere 6 veker.

Hareid, 14.03.2013

Rett utskrift:


Elsa Gjerde
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/1918	Løpenr. 2042/2013	Klassering Q13
Sakshandsamar:	Signe Rønnestad Kanstad, Plan, utvikling, byggesak og geodata	

Utvalsaksnr Utval
Formannskapet

Møtedato
12.03.2013

KOMMUNEDELPLAN FOR E39 - FLYTEBRULØYSING MELLOM HAREID OG SULA- GODKJENNING AV OPPSTART AV PLANARBEID OG UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

/2012/1918

Tilråding frå rådmannen:

I medhald av pbl § 11-13, jf § 4-1 i same lov, godkjenner Hareid formannskap oppstart av planarbeid og utlegging til offentleg ettersyn planprogram for utarbeiding av kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 – flytebruløysing mellom Hareid og Sula (Hafast), slik det ligg føre frå Asplan Viak AS, datert 20.12.2012. Høyringsfristen skal vere 6 veker.

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1.	Hareid fastlandssamband AS – Planprogram- E39 Flytebruløysing mellom Hareid og Sula	20.12.2012

Uprenta saksvedlegg:

E-post frå Hareid Fastlandssamband AS 18. januar 2012 v/Kjell Sandli, dagleg leiar
Notat d.s. 05.12.2012 frå Asplan Viak vedk vurdering av planform.

Samandrag av saka/Saksopplysningar:

Med brev av 27.03.2012 har styret i Hareid Fastlandssamband (Hafast) orientert vertskommunane Hareid og Sula om at dei startar opp arbeidet med å utarbeide forslag til planprogram for Hafast-sambandet i tråd med § 4-1 i plan- og bygningslova (PBL). Brevet som også var stila til Statens Vegvesen, region Midt og til Møre og Romsdal fylkeskommune vart lagt fram som referatsak i formannskapet sitt møte den 14.06.2012, RS 25/12. Formannskapet tok brevet til vitande.

Til å utarbeide forslag til planprogram har Hafast engasjert konsulentfirmaet Asplan Viak AS, som utførande konsulentar. I november 2012 inviterte Asplan Viak kommunane til eit møte for å drøfte innhald i planprogrammet og vidare planprosess. Dette møtet vart halde i Ålesund den 20.11.2012, der også representantar frå Hareid kommune tok del. På møtet vart drøfta planform, utgreiingstema og utgreiingsalternativ, samt opplegg for vidare planprosess m.m. Ved drøfting av alternativ for brutrasèar vart det i møtet m.a. bestemt at i tillegg til fjordkryssing med flytebru mellom Langeneset på Hareid og Nøringset på Sula (Alternativ A), burde også eit alternativ B mellom dagens ferjekai på Sulesund og Overå (Ovra) på Hareidlandet takast med i planprogrammet, og då med samanknytning til vegsystem på Hareidsmyrane som vist i kommuneplanen, via tunnel eller veg i dagen sør for Hareid sentrum. Når det galt planform og planprosess vart det i møtet diskutert om utarbeiding av kommunedelplan var det rette eller om ein skulle gå på områdeplan. Asplan Viak skulle sjå på dette, og har i eit notat datert 05.12.2012 tilrådd kommunedelplan som planform. Konsekvensutgreiing etter gjeldande forskrift (TEK 10) skal utarbeidast som del av planen. Det vil òg vere behov for ei samordning mellom dei to kommunane både i høve høyringsprosessen for planprogrammet og i samband med vidare planarbeid. Felles planprogram for utarbeiding av kommunedelplan skal såleis leggjast fram for dei to kommunane for godkjenning av oppstart av planarbeid og utlegging til offentleg ettersyn (pbl § 11-13, Jf § 4-1 i same lov).

Forslag til planprogram datert 20.12.2012 for utarbeiding av kommunedelplan m/konsekvensutgreiing for E-39 – Flytebruløysing mellom Hareid og Sula (Hafast) er oversendt kommunane til handsaming med e-postsending d.s. Planprogrammet skisserer rammer, utgreiingstema og framdriftsplan for kommunedelplan med konsekvensutgreiing, og har som målsetting å få avklart realismen i ein framtidig fastlandsforbindelse for E39 med flytebruløysing mellom Hareid og Sula. Forslaget til framdrift av planprosessen både i høve planprogram og kommunedelplanarbeidet er ambisiøst i tid, og må forventast å måtte justerast. Dette kan skje ved endeleg handsaming av planprogrammet.

Finansiering av arbeidet med kommunedelplan:

Det er ikkje avklart med kommunane kven som skal bere kostnadene med utarbeiding av kommunedelplanen, og på spørsmål til dagleg leiar i Hareid fastlandssamband AS i om korleis dette er tenkt, har vi fått følgjande tilbakemelding i e-post den 18.01.2012:

..«Spørsmålet er ikke drøftet i styret i Hareid Fastlandsamband A/S, ei heller i forpliktende samtaler med verken Hareid kommune eller Sula kommune. Det er likevel nærliggende å tro at det er Hareid Fastlandsamband A/S som tar kostnadene ved gjennomføring av nødvendig planlegging av Hafast-sambandet. Det vil således være Hareid Fastlandsamband A/S som er kontraktspart når plankonsulent engasjeres. Dette begrunnes med at det må antas å være aksjonærenes intensjon at de gikk sammen i Hareid Fastlandsamband A/S nettopp for å få et redskap som kan drive frem Hafast-sambandet, uavhengig av bl.a. vertskommunenes mulighet for å bekoste planlegging og prosjektering. Det er likevel verdt å understreke at hvis vertskommunene har innspill som de ønsker å ha utredet i forbindelse med det videre planarbeidet, og dette er forhold som ikke direkte berører Hafast-sambandet og er mer av kommunal interesse, vil det være aktuelt å i det minste vurdere om ikke vertskommunen skal ta regningen for slikt ekstraarbeid. Dette vil i så fall fremkomme under behandlingen av planprogrammet i begge kommunene. Fra Hareid Fastlandsamband A/S sin side er det viktig at vertskommunene er restriktive med å fremme krav til utredninger i planprogrammet som ikke direkte angår Hafast-sambandet. Med mindre de da ønsker å dekke kostnadene ved slike utredninger selv.

Og det er verdt å understreke at Hareid Fastlandsamband A/S har både forventninger og behov for at vertskommunene engasjerer seg aktivt for å sikre kvalitet i selve planarbeidet og sikre fremdrift. Kommunene vil måtte påregne å sette av (personell)ressurser til slikt bidrag.

I den grad det er aktuelt så bør vertskommunene under sin behandling av planprogrammet nettopp avklare hvor mye ressurser man ønske rå sette inn i dette planarbeidet. Det kan handle litt om å ha kontroll på planlegging innenfor eget territorier. Hareid Fastlandsamband A/S vil uansett være meget påpasselige med ikke å involvere oss i problemstillinger som er rettet mot vertskommunenes rolle som planmyndighet. Den rollen er 100 % definert og selvsagt akseptert.»

Vurdering og konklusjon:

I nyleg vedteken kommuneplan for Hareid er det overordna vegnettet planlagt med tanke på mogleg framtidig fastlandssamband mot Sula og Ålesund, då basert på mogleg undersjøisk tunnel. I ettertid har andre moglege aktuelle løysingar dukka opp, m.a. flytebrualternativet. I planprogrammet er tilkopling av planlagt vegnett til mogleg med flytebruløysing både for Alt. A og Alt. B skissert med utgangspunkt i kommuneplanen. Eit fastlandssamband mot Sula og Ålesund for framtidig vegtrase for E39 har vore høgt prioritert både frå næringslivet på ytre søre Sunnmøre, så vel som av kommunestyra i samband med prioriteringar i Nasjonal Transportplan. Det kan òg visast til vedtak i Hareid kommunestyret den 15.12.2011 sak PS KST 138/11 vedkomande innspel til prioriteringar i samferdselssektoren for 2012, der m.a. følgjande er presisert som første punkt i innspelbrevet: «Hafast: Hareid kommune ser det slik at fastlandssamband på strekninga Hareid Sula-Ålesund er det viktigaste av større vegprosjekt å få gjennomført både for heile regionen og for eiga kommune.» I denne samanheng er det eit aktuelt og framtidretta initiativ Hareid Fastlandssamband AS har gjort med å få utarbeidd planprogram for eit framtidig brualternativ som fastlandsforbindelse mellom Hareid og Sula. Forslaget til planprogram som ligg føre, utarbeidd av Asplan Viak AS, tek sikte på å få vurdert dei reelle moglegheitene for bruløysing i dette sambandet.

Planprogrammet femnar om dei mest aktuelle tema som må utgreiast, men kan bli utvida som følge av innspel ved høyringa. Planprosessen som er skisserert for kommunedelplanen er omfattande, og det må forventast at kommunane stiller med nødvendig personellmessige løyvingar og ressursar til gjennomføring av prosessen. Når det gjeld kostnadsdekning utover dette, føreset ein at spørsmålet om dekning av

nødvendig konsulentarbeid/spisskompetanse i planarbeidet må avklarast med Hareid fastlandssamband AS når planprogrammet er fastlagt endeleg og omfanget av kommunedelplanarbeid er nærare avklart. På denne bakgrunn rår ein til at formannskapet godkjenner oppstart av planarbeid og utlegging av planprogrammet til offentleg ettersyn slik det ligg føre.

Folkehelse konsekvensar: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Det må påreknast kostnader for kommunen med utarbeiding av kommunedelplanen. Finansiering av konsulentarbeid/spisskompetanse i planprosjektet må avklarast med Hafast.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Hareid, 27.02.2013

Bent Arild Grytten
rådmann

Signe Rønnestad Kanstad
leiar plan- og utviklingsavdelinga